

ID 378.25
AMH/thm

Vestland Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Høyringsvar: Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033

Vestland sin gjeldande vassforvaltningsplan skal oppdaterast for planperioden 2028-2033, kor forslag til planprogram og hovudutfordringane for vassmiljøet i Vestland no er på høyring. Formålet til vassforvaltningsplanen er å sikre ei heilskapleg og samordna forvaltning av vassmiljøet, der alle sektorstyresmakter (statlege, regionale og kommunale) bidreg for å oppnå målet om god miljøtilstand i alt vatn.

Sunnhordlandsrådet som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, har fylgjande innspel til vassforvaltningsplanen:

- Sunnhordland er nøgd med korleis vassområdeutvala er organisert i dag. Me opplever at deltaking både politisk og administrativt sikrar kunnskapsveksling som styrkar administrativ og politisk forankring for fagområdet i kommunen/kommunane.
- Sunnhordland er positive til å slå saman Sunnhordland vassområde med Hardangerfjord vassområde. Me trur at eit vassområde for same fjordsystem kan bidra til ein meir heilskapleg forvaltning av Hardangerfjorden.

Sunnhordland, 6. juni 2025

André Mundal Haukås
Regionrådsleiar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar